



Notat

Dato: 06.08.2019
Arkivsak: 2019/15236-1
Saksbehandlar: venbar

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Meldingssak: Seksuell trakassering av elevar

Fylkesrådmannen viser til møte i Fylkestinget 05.03.2019 sak 05/2019 der Jeanett Syversen (R) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Jeg oppfordrer fylkesrådmannen og administrasjonen i Opplæring og Helse om å legge frem vurdering, som tar sikte på å avdekke om jenters skolehverdag i HFK er preget av kjønnsdiskriminering og sexisme.»

Fylkesrådmannen viser i tillegg til saksprotokoll i utval for opplæring og helse, 14.05.2019, der Arild Borgen (R) sette fram slikt forslag til sak RS 19/19 Svar på spørsmål vedkommande seksuell trakassering:

«Rødt foreslår at RS 19/2019 følges opp av administrasjonen med den hensikt å forbedre elevundersøkelsen slik at den fanger opp elevens erfaringer med seksuell trakassering, jf. punkt 1 i fylkesrådmannens svar. Vi ønsker en orientering på dette ved et senere tidspunkt. Vi ønsker også at punkt 2 i rådmannens svar følges opp.»

Fylkesrådmannen viser også til møte i Fylkestinget 12.06.2019 RS17/19 der det vart gjort vedtak på bakgrunn av representant Terje Kollbotn (R) sine forslag:

Vedtak 1 «På bakgrunn av RS-sak 17/19 om seksuell trakassering, vil Hordaland Fylkesting oppmode om at det nye Vestland Fylkesting får framlagt resultatene av den varslede forskinga og dei varslede elev- og lærlingeundersøkingane på dette feltet – saman med framlegg til ein konkret tiltaksplan for å gjere elevane i god stand til å vite kva som er sunn grensesetjing, hva som er ulovleg, samt bidra til å forebygge seksuell trakassering.»

Vedtak 2 «Hordaland fylkesting vil be Kunnskapsdepartementet om ta initiativ til å få utarbeidd eit nasjonalt opplæringsprogram for å gjere elevane i grunnskulen og dei vidaregåande skulane i Norge i stand til å motverke seksuell trakassering på alle felt. Hordaland fylkesting ser gjerne at den nye Vestland fylkeskommune blir eit forsøksfylke i ein slik samanheng.»

Kapittel 9a i Opplæringslova § 9 A-2. *Retten til eit trygt og godt skolemiljø* slår fast at "Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring".

Elevundersøkinga

Utdanningsdirektoratet blei kontakta ultimo juni, gjeldande spørsmål om seksuell trakassering i Elevundersøkelsen. I tilbakemelding informerer direktoratet om oppdrag frå Kunnskapsdepartementet for å følge opp Stortinget sitt anmodningsvedtak nr. 601 *"Stortinget ber regjeringen avklare hvordan spørsmål om seksuell trakassering skal tas inn i Elevundersøkelsen eller i andre relevante undersøkelser i skolen"*. Direktoratet skal utrede temaet før det skal avgjerast fagleg og juridisk. Dersom avgjerda blir at spørsmål om seksuell trakassering skal inkluderast i Elevundersøkelsen, vil det først skje for neste års undersøking. Det blir også understreka at dersom fylkeskommunen ønskjer å utforme lokale spørsmål om temaet for haustens undersøking, vil det vere knytta ein ekstrakostnad til tilleggsspørsmåla. Frist for utkast til lokale spørsmål er 15. august. Fylkesrådmannen meiner det er rett å avvente avgjerda som blir teke i Utdanningsdirektoratet, og eventuelle endringar i Elevundersøkelsen frå 2020.

Ungdata 2019

I Helse- og omsorgsdepartementet sin strategi [«Snakk om det! Strategi for seksuell helse \(2017-2022\)»](#), blei indikator på seksuell helse inkludert i ein valfri tilleggsmodul i 2016. Tiltaket kom i stand for å få meir kunnskap om ungdommen sin eigen kunnskap om seksualitet. I Ungdata-undersøkinga har spørsmål om seksuell trakassering vore med i den obligatoriske delen sidan 2017, men berre for elevar i vidaregåande skule. Spørsmåla fangar opp ulike sider av seksuell trakassering som ryktespreiing, verbal trakassering og beføling. På bakgrunn av overskriften «Har du i løpet av de siste 12 månedene blitt utsatt for noe av det dette på en måte som du absolutt ikke likte?», kan elevane svare på tre spørsmål;

- "At noen har befølt meg på en seksuell måte."
- "At noen på en sårende måte kalte meg hore, homse eller andre ord med seksuelt innhold."
- "At noen spredte negative seksuelle rykter om deg"

Svara til elevane gir ein indikasjon om dei blir utsette for kjønnsdiskriminering og seksisme. Resultata for Ungdata 2019 viser at jenter i Hordaland er meir utsette for seksuell trakassering enn gutane. Blant jentene er det 24 % som svarar at dei mot si vilje er blitt befølt på ein seksuell måte ein eller mange gongar siste året. 9 % av gutane stadfestar det same. Totalt viser tala at ca 37 % av jentene er blitt utsette for seksuell trakassering minst ein gong det siste året, og 23 % av gutane stadfestar det same.

SMISO – Senter mot incest og seksuelle overgrep

SMISO - Senter mot incest og seksuelle overgrep Hordaland er eit senter for ungdom, menn og kvinner som har opplevd seksuelle overgrep. Senteret har også tilbud til pårørande. SMISO Hordaland er ei privat stifting drifta med offentlege midlar og gir tilbud til alle kommunar i Hordaland. Fra HFK har dei fått eit tilskot på 190.000,- for inneverande år. SMISO tok i vår kontakt med direktør opplæring, fordi dei ønskjer å formidle eit undervisningsopplegg om seksualitet og seksuelle overgrep, for dei vidaregåande skulane. Den 21.05.2019 var SMISO kalla inn til eit møte for å presentere nemnde undervisningsopplegg. Undervisninga går over to skuletimar, er dialog- og tillitsbasert, og blir gjennomført av Trond Berge Høvik. Inneverande budsjettår har stiftinga fått eit tilskot på 190 000 frå fylkeskommunen. Seksjonsleiar i seksjon skule konkluderte i møtet at opplæringsavdelinga skal sende ut eit informasjonsbrev til alle skulane ved skulestart. Brev med tilbud om undervisningsopplegg blei sendt dei vidaregåande skulane 05.08.2019. Tilbodet frå SMISO er tilrådd, utan forplikting frå skulane.

Program for folkehelsearbeid

«Helsefremmende miljø på sosiale medier» – Prosjekt Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, som del av Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027. Programmet ei ei satsing for å utvikle kommunane sitt arbeid med å fremje helse og livskvalitet blant barn og unge frå 0 til 24 år. Prosjektet er treårig og har dette hovudmålet: «Nye tiltak for helsefremmende miljø på sosiale medier blant ungdom i vidaregåande skole.»

Prosjektet sine problemstillinger skal bidra til å gi ny kunnskap i forholda mellom sosiale medium, psykisk helse og læringsmiljø i tillegg til å utvikle nye tiltak, som på sikt vil bli vurdert overført til ungdomsskulane i Bergen kommune. Seksualitet og seksuelle overgrep vil kunne inngå i aktuelle tema i prosjektet.

- «Hvordan kan sosiale medier være en arena der ungdom, skolene og kommunen sammen skaper et mest mulig helsefremmende miljø?
- Hvordan kan skolene jobbe aktivt med sosiale medier som en del av læringsmiljøet?
- Hvordan engasjere ungdom til å påvirke sitt eget nærmiljø på sosiale medier?»

Ad RS-sak 17/19 frå Fylkestinget 12.06.2019, har fylkesrådmannen notert seg vedtaka, og vil bidra til at desse blir følgt opp vidare med handsaming i Vestland fylkeskommune.